

Ikkje gløym vatnet!

Eit av dei største problema i verda i dag er vassmangel. Ein tredjedel av jorda si befolkning lev i dag i område som er truga av vassmangel, og dette er eit aukande problem. Vatn er mange stadar på jorda også ein avgrensande faktor for utvikling, og er spådd til å vere årsaka til dei nye, komande verdskrigane. Rogaland Senterparti meiner difor at det er svært viktig å satse på ny teknologi for å kunne reinske vatnet skikkeleg og til ein rimeleg pris, og det må skje no!

Det er til no fleire moglege metodar for å auke vassmengda av reint vatn på jorda. Desse metodane må alle vidareutviklast, noko som medfører store investeringar. Mange land med behov for denne teknologien, har ein vanskeleg økonomisk situasjon, Rogaland Senterparti ser det som eit ansvar, som eit av verdas rikaste land, å hjelpe med desse investeringane.

Det er også viktig å få eit fokus på vatn som ei avgrensa vare. Det er i dag full fokus på klimakrisa, men la oss ikkje gløyme dei andre komande krisene i verda. Vasskrisa vil garantert vere ei av dei!

